



Nynorsk kultursentrum

Kulturdepartementet
Boks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 412-127 OG

Hovdebygda, 20. august 2014

Høyringsfråsegn om NRK-plakaten

Styret i Nynorsk kultursentrum har drøfta høyringsnotatet i møte 14.8.2014. Vi argumenterer i denne høyringsfråsegna for desse konklusjonane:

- Lyttarane og sjåarane får meir språkleg mangfald frå denne institusjonen enn nær sagt nokon annan allmennkringkastar i verda er i stand til å gi, og mykje meir enn frå private mediekonsern
- NRK-plakaten bør førast vidare om lag som i dag og på same detaljnivå, men at den bør utvidast språkpolitisk
- Dei formelle språkkrava til NRK bør vere så høge at det skal noko til å nå dei, i møtet mellom yringsfridom, mangfald og kvalitet
- NRK bør framleis ha eit breitt mandat som allmennkringkastar og vere til stades med stor tyngd på alle medieplattformer. Difor bør NRK-plakaten også ha språkkrav til digitale tenester

Ut frå dette gjer vi framlegg om to tillegg til NRK-plakaten.

Nynorsk kultursentrum vil eit samfunn der det er sjølvsgt å vere og bli verande nynorskbrukar, og der nynorsk kan brukast i alle situasjonar i skule, arbeidsliv og fritid. Som andre språk verda rundt treng nynorsk skriftkultur også i framtida målretta, offentlege tiltak som gjer språkleg valfridom reell. NRK spelar her ei svært viktig rolle.

Nynorsk kultursentrum og Noregs Mållag la til 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013 fram ei hundreårserklæring i 21 paragrafar der dette var dei tre første:

§ 1 Nynorsk, sjølvsgt, når som helst og kor som helst.

§ 2 Hald oppe Noreg som ein stat med to jamstilte norske språk.

§ 3 Ta vare på rikdomen språkleg mangfald.

Vidare står det i § 16 om meir nynorsk i tv, radio og presse: «NRK og radio- og tv-stasjonar med offentleg konsesjon må oppfylle minstekrav til språkleg jamstilling mellom bokmål og nynorsk. For program til born og unge vil vi ha særlege reglar som sikrar betre jamstilling.»

Språklege følgjer av NRK

Lyttarane og sjåarane får meir språkleg mangfald frå denne institusjonen enn nær sagt nokon annan allmennkringkastar i verda er i stand til å gi, og mykje meir enn frå private mediekonsern.



Moderne skriftkulturar treng sterke medieverksemdar som stiller krav til sin eigen språkbruk. Både nynorsk- og bokmålsbrukarane har mykje å takke NRK for. Nynorsk står på mange område sterkare i dag enn før NRK kom til i 1933, og bokmål er eit mykje ledigare språk enn det var for femti og hundre år sidan. Det lèt seg ikkje gjere å identifisere alle årsakene til denne utviklinga, men norsk språkutvikling på 1900-talet kan ikkje forståast på rimeleg vis om ein ikkje tek med NRK i analysen. Den språkrøkta NRK har drive, har gitt resultat både i den allmenne bruken av dei to norske språka og i forminga av desse språka.

Den største endringa i bruken av norsk dei siste femti åra har vore overgangen til dialekttale når som helst, kvar som helst og av kven som helst. Med ambisiøse aksjonar drog målrørsla i gang denne endringa i 1970-åra. NRK heldt att, men måtte etter kvart sleppe kvardagstalen til. Her har distriktskontora heile tida vore svært viktige, og endringa kom først i radioprogramma. TV blei framleis sett på eit meir formelt og høgverdig medium, så der tok det tid før dialekt var blitt vanleg. Språkbruk kan skjule, men ikkje fjerne sosiale og kulturelle skilnader, men språkbruk kan også fremje verdfulle kulturelle endringar. NRK har vore ein språkleg møteplass der fleire enn før har kunna bruke sitt språk slik dei har ønskt. Langtidsverknaden av det NRK Super gjer no, får vi om eit par tiår.

På mange område har det utvida medietilbodet dei siste tiåra gitt meir av det same og meir av det andre medieverksemdar tilbyd. Journalistisk utvikling har vore fremja i mange verksemdar, kanalar og studio, men langt frå alt må reknast som sosialt eller kulturelt viktig. Språkleg er det blitt eit reelt mangfald. I språkbruken er det éi linje som rår, og det er at det er heilt greitt å bruke dialekt. Det NRK gjorde her i 1980- og 90-åra, sette ein standard og opna dører som andre ikkje har prøvt å late att etterpå. Ved at kommersielle radio- og tv-kanalar på viktige punkt følgde opp denne språkpraksisen, har også reklamebransjen teke store steg bort frå det stive talemålet som prega kinoreklamen så seint som i 1990-åra.

Det er knapt mogleg å overdrive kor viktig NRK er som produsent og formidlar av norske program for born. Å høyre ulike dialektar – og grannespråk som svensk og dansk – frå tidleg barndom styrkjer språkkompetansen og toleransen for språkmangfald både på kort og lang sikt. Å høyre sin eigen dialekt og sjå sitt eige miljø i tv-ruta styrkjer kjensla av å vere viktig og delaktig. Langtidsverknaden av det NRK Super gjer no, får vi om eit par tiår. Ein god strategi vil vere teksting der ein kan og døbbing der ein må, det vil seie program for born under lesealder.

NRK-plakaten er eit godt medie- og språkpolitisk verkemiddel

Nynorsk kultursentrum meiner NRK-plakaten er eit godt verkemiddel. Vi rår til at NRK-plakaten blir ført vidare om lag som i dag og med same detaljnivå, og at den blir presisert noko meir språkpolitisk.

Høyringsnotatet opnar med tre setningar som seier det meste om saka og dei synspunkta vi argumenterer for i denne fråsegna:

NRK er en av Norges viktigste kulturinstitusjoner. NRK er også et av statens viktigste virkemidler for å nå mediepolitiske mål. I dag fungerer NRK som en garantist for et rikt og norskspråklig tilbud av høy kvalitet på radio, tv, nett og mobil.

Desse posisjonen er vunnen gjennom kombinasjonen av offentlig regulering og styring og godt redaksjonelt arbeid i institusjonen. Vår forståing er at NRK er den viktigaste språkbrukaren i Noreg. Den rolla er skapt gjennom godt redaksjonelt arbeid og med klare, formelle krav som bør førast vidare.

Språkkrava må først vidare, og dei bør utvidast

Dei formelle språkkrava til NRK bør vere så høge at det skal noko til å nå dei, i møtet mellom ytringsfridom, mangfald og kvalitet.

Både Medietilsynet og nynorskmiljøa har med rette kritisert NRK for at dei enno ikkje har oppfylt kravet om minst 25 prosent nynorsk i verbalsendingane og på Internett. Same typen kritikk har lenge vore retta mot lov om målbruk i offentleg teneste. Sjølv om lover og reglar ikkje blir følgde slik dei skal, kan dei likevel ha ein positiv verknad. Det er openbert at dei formelle språkkrava til NRK har hatt ein verknad. Nynorsk er blitt ein sjølvsgd del av den norske kvardagen ikkje minst takka vere NRK, og på nrk.no kan publikum lese om alle typar emne skiftevis på bokmål og nynorsk. Dette er mangfald i praksis, og det kom som følge av talfesta krav.

Vedtektene og den såkalla NRK-plakaten formar rammene for verksemda. Forpliktinga til å handtere den rike språklege og kulturelle variasjonen i landet, kan også ha påverka den redaksjonelle tenkinga. Den respekten som følgjer av dette, har iallfall ikkje svekt evna til å utvikle nye programflater, som sakte-tv. Samstundes som NRK har formidla skilnadene, maktar institusjonen framleis å forme opplevd fellesskap. Ringverknadene er openberre: Det er godt gjort, og det kom ikkje av seg sjølv. NRK er så viktig som NRK er fordi styresmaktene har stilt høge, talfesta krav i tråd med den språklege jamstillingspolitikken, publikum har venta seg mykje, og dei tilsette har arbeidd for å nå ambisiøse mål.

Til skilnad frå mange andre i mediebransjen snakkar NRK gjerne om den språklege rolla si. Dei formelle språkkrava som blir stilte, framhevar språk på ein heilt annan måte i NRK enn hos mange av konkurrentane. «Det er eit privilegium å få spegle det språklege mangfaldet i Noreg», sa tidlegare kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas i eit foredrag på Dei nynorske festspela i 2010. Tydelegare kan det ikkje gjerast at denne medieverksemda dagleg har grunn til å vere stolt.

Det er velkjent at der er klare språkpolitiske brytingar internt i NRK. I ei verksemd med fleire tusen tilsette ville noko anna vore rart. Også desse brytingane tilseier at formelle krav blir haldne oppe. Det språklege samfunnsoppdraget NRK har forvalta og bør forvalte også i framtida, kan ikkje overlatast til privatpraktiserande medarbeidarar.

Nynorsk kultursentrum går inn for eit utvida språkkrav som gjeld det vi vil kalle det redaksjonelle administrasjonsspråket i sendingane. Reklamejinglar som «NRK P1» kom etter etter kvart også med nynorsk uttale *ein*, ikkje berre *en*. Dette ser framleis ut til å vere eit av få unntak frå regelen om at det redaksjonelle administrasjonsspråket overfor publikum er bokmål. Alle typar kunngjeringar kjem helst berre på bokmål, emneknaggar, generelle programtitlar m.m. kjem aldri på nynorsk. Vi føreslår difor dette tillegget i § 14 d NRK-plakaten:

NRKs tilbud skal i hovedsak bestå av norskspråklig innhold. Begge de offisielle målformene skal benyttes. Minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk. Både bokmål og nynorsk skal benyttes som redaksjonelt administrasjonsspråk overfor publikum.

NRK-plakaten bør også ha språkkrav til digitale tenester

NRK bør framleis ha eit breitt mandat som allmennkringkastar og vere til stades med stor tyngd på alle medieplattformer. Nyare internasjonale data tyder på at engelsk dominerer noko mindre i digitalt innhald enn for ti år sidan, men framleis står engelskspråklege tenester for om lag 55 % av dette innhaldet globalt. Norsk er faktisk ganske mykje brukt på

Internett, viser dei målingane vi kjenner til, men her trengst det sterke digitale aktørar som kan demme opp mot engelsk og samstundes drive god språkrøkt. I ein heilskapleg norsk språkpolitikk bør difor NRK ha ei av hovudrollene på det digitale feltet i tiåra som kjem.

Nynorsk kultursentrum merkar seg at mange kommersielle interesser ønskjer å avgrense handlingsrommet til NRK. I dei tilfella ein har nådd fram med dette, har det ikkje kome nye, kommersielle tilbod som erstatta dei gamle og som er like gode.

Ei viktig side ved Yr.no som ikkje kjem fram i ordsiftet om denne tenesta, er at NRK gjennom Yr.no har fått til noko som til dømes styresmaktene ikkje har greidd på Regjeringa.no. Ein nynorskbrukar som går inn på Yr.no og hentar fram nynorskversjonen, får denne versjonen også neste gong brukaren går inn på nettstaden. På Regjeringa.no er løysinga enno så gamaldags at brukaren kvar gong på klikke på språkversjon. Også her har NRK sett ein standard som andre kan følge.

Det kan godt hende at den sterke posisjonen til NRK regionalt har skapt vanskar for lokal- og regionaviser i utviklinga av deira tilbod. Dette er likevel neppe den viktigaste årsaka. Det er vanskeleg å sjå at konsentrasjonen av mediemakt i private presse- og mediekonsern har styrkt det språklege mangfaldet slik NRK gjer. Gjennom konsernsamarbeidet blir nettavisene også til nynorskavisene gjerne fylte opp med bokmålsstoff. Lokalaviser som Hallingdølen og Setesdølen, begge redigerte på nynorsk, står sterkt sjølv om dei møter den same konkurransen frå NRK som andre lokalmedium gjer, men dei er sjølvstendige verksemdar som sjølve styrer bruken av overskot og utviklingsarbeid.

Saker skrivne på nynorsk på nrk.no utgjer om lag 17 % av det samla stoffet på nettstaden. Dette talet er så høgt som det er fordi nokre få distriktskontor gjer svært mykje på nynorsk på nett. Samstundes er det viktig at NRK fører vidare den praksisen som er etablert, og som inneber at på denne nettstaden kan det skrivast på nynorsk om alt mogleg, frå sport og utanrikspolitikk til underhaldning og næringsliv. Ingen andre av dei store norskspråklege nettstadene er i nærleiken av noko slikt.

Her bør NRK-plakaten få eit tillegg, til dømes eit nytt § 17 f:

NRKs tilbod av digitale tenester skal følge de samme reglene for bruk av bokmål og nynorsk som er presisert ovenfor.

Med venleg helsing
Nynorsk kultursentrum

Lodve Solholm
styreleiar


Ottar Grepstad
direktør